LONGESKOR (TJOFLOT)

Høgdemeter over havet: omlag 30 moh

Lengde: ca. 1,4 km ein veg

Tid: omlag 30 min- til ein time ein veg.

Gradering: Dette er ein lett tur.

Vegskildring: Køyr fylkesveg 13 gjennom Vallaviktunnelen og ta av til høgre mot Djønno og Tjoflot rett etter tunnelen. Parker på kaia. Turen startar her og du fylgjer bilvegen til du kjem til krysset der vegen ned går til Nausflot og Longeskor medan vegen oppover går til Garden Tjoflot og vidare til stølen og Oksen. Dette er bomveg. (100 kr).Vegen er ferdig utbetra og det er no parkering ca. 800 me lenger oppe enn tidlegare. Det er også gjort mykje restaureringsarbeid på både kaiene og sjøhus på Tjoflot denne våren. Mykje fint å sjå! Og grunneigarane har sett ut benkar som turgåarar kan bruke.

Du skal gå til garden Naustflot der Bjørg og Gunnar Kaland bor. Herifrå er det bygd ny veg du kan fylgje vidare mot Longeskor , sjå skilt. Det er ikkje lange turen, og du går på fin traktorveg. Du går forbi ei utleigehytte/tyskarhytta. Turkassa heng ved Spelehuset og herifrå går det ein sti ned til sjøen der all trafikk gjekk føre seg før vegen til Tjoflot kom 1985. Det er verdt å ta turen ned til sjøen, kaia for å sjå utsikta.

Turtips 1: Gå til Vindhovden, Tjoflotstølen

Turtips 2: Gå til Oksen

Dette er ein flott vårtur!

GOD TUR!